

## Informasjon om inntak til høgare kursnivå:

**Hovudregelen er at du skal ha fullført alle fag for å bli tatt inn på neste trinn.**

Har du IV eller 1 i fleire fag? Er du usikker på om dette gjeld deg?

Kontakt rådgivar for meir utfyllande informasjon!

### Oppsummering av retningslinjer for inntak av heiltidselevar til høgare kursnivå med karakteren 1/IV frå kompetansejevande kurs:

- Elevar med 1 i to fag eller IV i eit fag blir tatt inn på høgare nivå
- Elevar med karakteren 1 i tre fag, eller 1 i eit fag og IV i eit fag, eller IV i to fag, kan takast inn etter individuell vurdering
- Elevar med IV i meir enn tre fag eller 1 i fire fag kan ikkje takast inn
- Elevar med IV i faget «Prosjekt til fordjuping», i tillegg til ein negativ karakter i eit anna fag, kan berre unntaksvis tas inn på eit høgare nivå

### Kva konsekvensar har 1 eller IV for eksamen?

- IV i eit fag betyr at ein ikkje har fullført faget, og blir difor ikkje trekt ut til eksamen
- Har du vore oppe til eksamen, men det ikkje er grunnlag for standpunktkarakter, blir eksamen annullert. Ein må då ta faget opp att, eller ta eit anna fag som privatist eller deltidselev

### Frå forskrift til opplæringslova;

#### *§ 6-28. Vilkår for inntak til Vg2 og Vg3:*

Vilkåra for inntak til Vg2 er at søkjaren har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket for utdanningsprogrammet på Vg1, også dei faga der det ikkje skal setjast ein standpunktkarakter.

Vilkåra for inntak til Vg3 er at søkjaren har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket for programområdet på Vg2 og utdanningsprogrammet til Vg1, også dei faga der det ikkje skal setjast ein standpunktkarakter.

Frå forskrift til opplæringslova:

#### *§ 3-33. Særskild eksamen for elevar i vidaregåande opplæring*

Ein elev som får karakteren 1 i standpunktkarakter i eit fag, har rett til særskild eksamen i faget dersom han eller ho ikkje er trekt ut til eksamen i faget. Det gjeld òg for fag der det ikkje blir halde eksamen ordinært.

Særskild eksamen blir normalt halden samtidig med utsett og ny eksamen.

*§ 3-34. Ny eksamen for elever i vidaregåande opplæring*

Ein elev som får karakteren 1 ved ordinær eksamen, har rett til ny eksamen i faget ved første etterfølgjande eksamen. Eleven beheld då standpunktkarakteren i faget. Dersom eleven ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, må han eller ho ta faget som privatist, og standpunktvurderinga i faget fell bort.

*§ 3-35. Utsett eksamen for elever og privatistar i vidaregåande opplæring*

Ein elev eller privatist som har dokumentert fråvær ved ordinær eksamen og særskild eksamen, eller ein elev som har dokumentert fråvær ved ny eksamen, har rett til å framstille seg til første etterfølgjande eksamen. Eleven beheld standpunktkarakteren i faget.

Dersom eleven ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, må han eller ho ta faget som privatist, og eventuell standpunktvurdering i faget fell bort.

Fråvær frå eksamen blir rekna som dokumentert når eleven eller privatisten er hindra frå å møte til eksamen, hindringa er uføreseieleg og han eller ho elles ikkje kan lastast for hindringa. Eleven eller privatisten må leggje fram dokumentasjon på dette.

Dersom ein elev har rett til utsett eksamen i trekkfag, skal trekkinga av fag gjerast på ny.